

Osterøy Turlag

Programnotat : Prosjekt tradisjonsbåt.

Revisjon: 09.01.22

Innleiing.

Fjordsystemet rundt Osterøy har stor kulturhistoriske verdi som ferdsselsveg opp gjennom tidene. For ein øykommune som Osterøy er friluftsliv på fjorden aktuelt i tida. Prosjektet Tradisjonsbåt er turlaget sitt neste steg i utvikling av friluftsliv på fjorden etter det vellukka kajakkprosjektet med base i Raknesvågen.

Prosjektet vil i startfasen vera å få bygd to seksæringar ved Oselvarverkstaden. Båtane vert klargjort for segling med segltofte, mastefot, ror, rorstang og rorbeslag. Pårekna levering er april 2023. Pris kr 419.000 inkl. mva.

Som del av prosjektet vert vurdert vøling av to gamle kyrkjebåtar:

- Rehabilitering av ein åttring som står i kyrkjenaustet på Hamre. Båten gjorde teneste som kyrkjebåt og er ein av få eldre åttringar som er tekne vare på.
- Ein kyrkjebåt ved Hosanger kyrkje som står i eit naust i Fotlandsvåg.

Dei to kyrkjebåtane vonar vi let seg restaurere. Det er eit mål å få lært opp mannskap i samband med 1000-års jubileet i 2024 for Hamre kyrkje som kyrkjested.

Ein tredje aktuell båt å ta med i prosjektet er ein færing frå Bømlo. Tony Lillefosse har båten heime hjå seg. Bømlo har båttradisjonar liknande Osterøy men prega av meir krevjande nærleik til storhavet.

Oselvarverkstaden er fram i tid interessert i å utvikla arbeidsteikningar for historisk ostrabåt. Denne har utforming og detaljar noko annleis enn nordhordlandsbåten. Kartleggingsprosjektet vil ta tid. I ein framtidig vidareutvikling av vårt prosjekt vil bygging av ein ostrabåt med historisk utforming levert frå Oselvarverkstaden vera klart ønskjeleg.

Parallelt med tradisjonsbåtprosjektet vil realisering av overnattingskabin – prosjektet 0 m over havet – ha stor verdi for ro- og padleturar i fjordsystemet rundt øya.

UNESCO og stril som bakgrunn for prosjektet.

Nyleg vart nordisk klinkbåtbygging sett på UNESCO si liste over immateriell kulturarv. Heile Osterøy, med fjordane rundt, er frå før ein del av Nordhordland Biosfæreområde, som er Noreg sitt einaste UNESCO biosfæreområde.

I tillegg til dette ligg det i sjølve definisjonen i å vera stril, som me er på Osterøy, å kunne ro til Bergen på ein dag. Når ein kjem sjøvegen til Bergen vert ein møtt av Bryggen som er på UNESCO si verdsarvliste.

Det betyr i at vårt område kan ein få moglegheita til å reisa i eit fartøy som er bygd etter kunnskap og tradisjonar som er på UNESCO si liste over immateriell kulturarv, gjennom eit område som er på UNESCO si liste over biosfæreområde og fram til eit mål som er på UNESCO si verdsarvliste. Denne «UNESCO-treeininga» er unik for vårt prosjekt.

Mål for prosjektet.

DNT og Bergen og Hordaland turistforening som Osterøy turlag inngår i, har programformuleringar som

- Vera ein viktig formidlar og tilretteleggjar av naturoppleving og kulturarv
- Friluftslivet sitt engasjement og respekt for naturen er viktig for reiselivet og opplevingsturismen i Noreg

Målgrupper og mål:

1. Læra barn og unge å ro. *Ferdsel med robåt på fjorden var dominerande i hundreåra før motorisert ferdsel vart bygd ut. Å læra koordinert og effektiv roing og oppleva segling vil gje ei positiv oppleving og er solid forankra i vår kulturarv. Tilgang til båtane i gangavstand frå skulane er eit mål.*
2. Ungdom med nedsett funksjonsevne. *Ut frå tiltak som er gjennomført andre stader, veit ein at roing gjev ei svært positiv meistringskjensle for ungdom med nedsett funksjonsevne. Mange vil kjenna seg tryggare i ein stabil båt med kvalifisert mannskap. Kajakk/kano set større krav til eigen balanse og koordinering.*
3. Personar med moderat demens. *Det er gjeve uttrykk for klar interesse frå demensforeininga å ta del i prosjektet.*
4. Tilbod til familiar og grupper om roturar på fjorden. *Med helseførebygging som sentralt stikkord. Prosjektet har ei kobling til friluftsbasert reiseliv, der aktørar eventuelt kan tilby grunnleggjande opplæring. Ein stabil seksæring vil av mange vera langt meir attraktivt for ein tur på fjorden enn kajakk der ein er åleine om balanse og teknikk.*

Tiltak i prosjektet.

Prosjektet har element av samfunnsbygging for individ og fellesskap. Opplæring og utleigeordning kombinert med organiserte turar vil stå på programmet for å skapa liv på fjorden, og opplevingar og helse for deltakarar. Roturar i ein stabil båt med kvalifisert instruksjon vil gje meistring av framdrift og manøvrering med åretak i takt på vakker fjord. Det er ei oppleving å læra kunsten å ro i stilla på fjorden. Å læra sikker framferd i båt er viktig kunnskap. Kvalifisert turleiing vil gje påminning om kulturarv frå farne tider i bygder ein glir stille forbi. Kompetanseutvikling for instruktørar i roing og segling og for turleiing på fjorden vil vera del av programmet.

Base for prosjektet.

Fleire omsyn tilseier lokalisering av base for prosjektet i ein av tettstadene på Osterøy. Førebels står Lonevåg, alternativt Fotlandsvåg øvst på ønskjelista. Lonevåg vil vera serleg attraktivt med gangavstand til tre store skular. Inntil vidare kan båtane plasserast i notnaustet i Raknesvågen. Der har turlaget omlag 15 kajakkar plassert i padlenaustet og med plass til private kajakkar i leigd notnaust ved sida. Verksemda har eigen driftsgruppe og nettbasert utleigeordning.

Tilgang frå Fjordslottet vil leggja tilrette for roturar for gjester ved hotellet og inngå som tilbod om friluftsbasert reiselivstiltak.

Organisering.

Prosjektet inngår i Osterøy Turlag si portefølgje. I prosjektgruppe er førebels desse med:

Tony Lillefosse

Lars Fjeldstad

Jørgen Varden

Under arbeidet med framtidig organisering, bør ein ha tankar om driftsgruppe(r) med ansvar for utleige og vedlikehald av båtar og utstyr.

Finansiering.

Turlaget har røynsle for at godt underbygde idear for tiltak for barn, unge og seniorar, tilpassa ulike funksjonsnivå, som er relatert til kulturarv og som møter eit behov for helseførebygging og basert på breitt samarbeid med andre lag og organisasjonar, vil ha stor gjennomslagskraft for realisering.

Som ein start forskotterer Osterøy Turlag kr 33.520 som avtalefesta sum ved inngåing av kontrakt med Oselvarverkstaden.

Prosjektgruppa for Tradisjonsbåtprosjektet i Osterøy Turlag

Tony Lillefosse

Lars Fjeldstad

Jørgen Varden